

Saksbehandlar: Øystein Hunvik, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 18/8598-86

Støtte til klimavennlige hurtigbåtar

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding/gjere slikt vedtak:

Under føresetnad av støtte frå Klimasats, vert arbeidet med innkjøp av nullutslepps hurtigbåttjenester forsterka fram til oppstart av hurtigbåtkontraktane 01.05.2022.

Vedlegg:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Sogn og Fjordane/Vestland fylkeskommune står framfor eit stort og viktig arbeid med kjøp av ekspress- og lokalbåttjenester frå 1. mai 2022. Fylkestinget i Sogn og Fjordane har reservert ekstra midlar til nullutsleppsteknologi og universell utforming frå 2022/2023. Administrasjonen må styrkast for å førebu, gjennomføre og implementere nye anbod.

2. Vurderingar

Fylkesadministrasjonen visste at det ville bli ei krevjande oppgåve å gjennomføre innkjøp av hurtigbåtar med nullutsleppsteknologi. Men det viser seg no at det vert betydelig meir ressurskrevjande enn planlagt. Dersom anboda vert sendt ut med krav til nullutsleppsteknologi på hurtigbåt, vil Sogn og Fjordane/Vestland vere fyrst i løypa på nullutslepp på hurtigbåt. For at vi skal vere i stand til å gjennomføre eit godt, klimavennleg og ikkje minst innkjøpsfagleg forsvarleg anbod, er det behov for ein prosjektorganisasjon som kan ta seg av oppgåvene som følgjer av ei slik anskaffing.

I eit slikt prosjekt må det gjennomførast omfattande marknadsdialog for å tileigne seg tilstrekkelig kunnskap om kva teknologi som er tilgjengelig, kva det kostar osv. Det må leigast inn konsulentar både på tekniske og innkjøpsfaglege spørsmål. Utarbeiding av konkurransegrunnlag i slike komplekse innkjøp er svært krevjande, og det er viktig at kjøpar har god og relevant kunnskap om kjøpet som skal gjennomførast.

Utkast til kravspesifikasjon har vore ute på høyring og vi fekk 153 innspel frå 17 ulike respondentar. Desse må bearbeidast i tida framover. Før endeleg utsending av anbod må det gjerast omfattande kvalitetsikring av kva som er mogleg å etterspørje i ein slik konkurranse.

Gjennomføring av konkurranse med tilhøyrande forhandlingar er i seg sjølv eit oppdrag som stiller store krav til deltakarane. Dersom kompetansen ikkje er på plass hos oppdragsgjevar, er det stor risiko for at det skjer feil i vurderingar.

3. Konklusjon

Sogn og Fjordane fylkeskommune/Vestland fylkeskommune har behov for ny kunnskap dersom det skal gjennomførast innkjøp av hurtigbåttjenester med nullutslepp.

Dei økonomiske utsiktene for Vestland fk synest krevjande, og for å kunne fullføre arbeidet med førebuing, gjennomføring og implementering av hurtigbåtkontraktar - med krav til nullutsleppsteknologi - er fylkeskommunen avhengig av tilskot frå Klimasats.

Dersom ikkje fylkeskommunen får tilsegn på midlar frå Klimasats, må vi tilpasse arbeidet med og krava i anboda til gjeldande økonomiske rammer.